Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 | Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Mo

Emne: Gamal engkultur | Bygdelag: Skafså

Oppskr. av: O. O. Bergland | Gard: Bergland

(adresse): Åmdalsverk | G.nr. 63 | Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Nammet eng vart brüka om alle stader der det vaks eng-gras, d.v.s. der jorda var gjödsla som t.d. sætervollar. Ordet akre er brükt frå gamal tid. Det var og er brükt om eit stykke som ein gong har vore åker. Om det har lege att i over hundre år so vert det kalla akre fl. akrür (ei akre). Nammet tykkeng er brükt om god eng; var enga mindre god heitte det berre eng eller klen eng. Var det gjödsla heitte det hevdeng eller hevdegras. Eng-gras vart kalla vallhöy. Det heitte då fint eller groft vallhöy. Det heitte ütslåttor eller skrapa-slåttor. Myr vart kalla myrslåttor. Det vart brüka berre stuttljå her i gamal tid. Langljå brüka dei berre på dei störste gardane og der berre på dei slettaste engstykka.

2. Rydjing vart lite brükt. Dei kalla det helst å rothogga, d.v.s. å hogga alt av tett med ved rota. Haugane kalla dei kviste-

2700

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2700

eller trosa-haugar. Desse køyrde dei anten heim til ved eller brende dei opp på staden. Sume let dei vel ogso liggja til dei rotna. Slik ved vart kalla skate-ved. Skate-haugar vart ogso brukt. Arbeidet vart kalla: rothogging eller rydjing.
Stein frå eng og utslåttor vart nok oppbrotne og lagde i småe röysar, men det var sers lite. Steinen fekk helst liggja i fred, og då visst dei store. Dei hadde inga råd med dei.

3. Mosevaksa eng gjödsla dei helst retteleg godt. Graspræ vart ikkje brukt i det hövet. La dei att åker i gamal tid, var det sume som tok höyfrø i löa og sådde det, men dei fleste let det vera med det graset som grodde av seg sjölv.

4. Myrar er veita i gamal tid. Dei hakka[x] då av mosen og sådde stykke som det var. Dei brende torva og gjödsla myrstykket fyrr dei harva med fraet. Der det var bekker, leidde dei vatnet inn over jordet - helst der det var turt - i småe veitor; skolveitor vart dei kalla. Det vart mykje gjödsla på same tid. Skolveitone var i bruk frå fyrsten av juni og til fyrst i juli. Det skifte mykje etter som nedburden var. Var det godt med regn om våren, vart veitone lite eller inkje brukt.

5. Eng på heimeböen vart helst

x Flåhakka, kalla dei det.

gjödsla med vintergjödsel. Säter-
vangar eller stöylsne som nre
seier her, vart gjödsla med som-
argjödsel. Dette har vore brukt
frå gamal tid. Nokon viss part
av vintergjödsla vart ikkje brukt
til eng. Dei gjödsla åkeren fyrst,
og gjödsla som då var att, bruka
dei på enga. Noko viss gjödsel vart
ikkje brukt til eng, heller ikkje no-
kon viss mengde. Det vart brukt
etter skyn. Sautadden (saumök)
vart mykje brukt til potetor.
6. Her vart det kalla tykkeng eller
hevdegras, ogso hevdeng. Höyet frå
gjödsla eng vart kalla: hevdehöy,
ogso hevdefor.
7. Husa sette dei slik at det
vart ein bakke nedanfor. Dette
galdt helst fjös, stall, grisehus og
w.c. Dette var for å få nytte av
den flytande gjödsla. Bakken ned-
under desse husa vart kalla: hevde-
draget. Di lenger og brattare bak-
ken var, di meir nytte fekk dei
av hushevdi som dei sa. Når
dei tala om ein gard sa dei: Der
er godt hevdedrag, eller der er stor
nytte av husehevdi der. Det var
eit stort pluss til verdet på ein
gard når der var eit godt hevde-
drag; var det motsett, var det
minus.
8. Enga vart helst gjödsla om

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2700

våren, men sume tider ogso om haustem. Det var elles ymse meiningar om det. Reidskapane var dei same både for eng- og åkergjødsling. På dei slettaste gardane köyrde dei ut gjödsla på tohjulsvogn; men på dei fleste gardane köyrde dei gjödsla på snöföre i april. Dei brûka då ein slede som var gjord serskilt til det. Sleden vart kalla mykjasleen (ein). Gjödsla vart lagd i store haugar på åkeren, og når såtia kom vart dei köyrde ut over åkeren og lagd i småe haugar. Kvart lass vart deila i fem-seks haugar. Desse småhaugane vart so spreidde ut over åkeren både av karar og kvende. Ei lita rekû dei kalla lortereka, vart brûka til å smuldra og spreida gjödsla frå småhaugane. Dette kalla dei å breia myk. Å köyra myka frå dei store haugane og deila dei ut over åkeren i småhaugar, kalla dei a skipa myk. Når dei sa: I dag lyt dei skipa myk, so visste dei kva arbeid det var. Noko anna reidskap enn lortereka kan ingen hugsa er brûka her i bygda. No brûkar dei helst greip, og den er brûka omlag 30-40 år.

9. Fyrr beitte dei enga både vår og haust. Dei slo då fyrst satrar og utslåttor og heimeböen sist. Dei meinte ogso at enga vart tjukkare av vårbeitinga, og so rakk ho

veksa opp medan dei slo i heia. No beiter ingin om våren. All eng vart beitt både vår og haust.

10. Vårbeiting er ikkje brukt sidan 1900. Det kan vera nokre få tilfelle når forknipsa vert for hard at ein mann „må sleppa kyrne i jordet"; men det hender slett ikkje kvart år. Haustbeiting brukar alle endå; men ikkje so hardt som fyrr.

11. Gjödsel dyra la i beitet, vart ikkje gjort noko med. Låg det på sætervoll eller annan slåttevoll, tok dei ein spjatt eller som dei sa her ei lorteklubbe og slo gjödsleruküvre ut over med den. Fyrr var den måten å spreida gjödsla på godt kjend her. No er det visst gjenge av bruk. Lorteklubba var laga likeins som setesdölanes spjatt. Berre namnet var ulikt.

12. Det var få som hadde sumarfjös. Her kalla dei det vårfjös. Eg har ikkje höyrt nokon har havt to vårfjös. Dei hadde fjös på sætra sume, men heime var berre eitt. Gjödsla vart spreidd om hausten helst på sumarfjösa.

13. I langheia låg krötera lause ute på sætervollen. Var dei i heimheia der romet var mindre — hadde dei grind eller bugard. Dei hadde fleir

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2700

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2700

småe grindar som dei sette saman i ring. Desse grindane var lette og svinte å flytja. Når dei hadde havt grindi over heile satra t.d., sa dei at ståyln var grindfaren. Bugard var eit större stykke som var inngjerdt med lange slåtor. Ein bugard vart flutt berre nokre gonger om sumaren, medan ei grind måtte flytjast dagleg. Flytjinga retta seg elles etter storleiken både på grind og bugard. Di större dei var, di mindre flytjing. Bugarden skulde helst vera rund.

14. Ei grind var laga av fire-fem smale, tumme bord omlag $2\frac{1}{2}$ m. lange. Sume bruka dei kanskje litt lenger. Borda vart feste til tvo stolpar, ein i kvar ende. Dei gjorde eit hol for kvar stolpe i jorda med eit spitt. Dette vart gjort for kvar grind og helst slik at grindane til saman laga ein ring. Slike grindar vert bruka til å hava sauene i om nettene den dag i dag. Grind til storkröter har ikkje vore bruke heime på gardane i dei siste tvo mannsaldrane i alle fall. Saugjödsla vart aldri ensa; men kugjödsla spreidde dei ut over med lorteklubbe. Men som fyrr er skrive, vart grind til storfe bruka berre på heimstölane og ikkje mykje der heller. Gjödsla vart spreidd med det same dei flutte grinda. Då

var ho lettast å få ut over.
15. For å halda björn og ulv burte, tromma dei på ystekjelen eller gjorde opp varme. Vart björnen alt for nærgåande, kasta dei varmebrandar etter han; det skulde han vera sers redd.
16. Eit slikt lite vakthus har vore i bruk. Det gjekk på meiar og kunde flytjast. Dei kalla det: kve (lang e). (ei kve). Det er over 71 år sidan dei slutta med det. Det var helst budeia som låg i kvei.
17. Kan ikkje svara på det.
18. Har aldri höyrt gjete det.
19. Kvi er visstnok bruka i gamal tid om eit inngjerdt stykke til storfe. Stöl eller stöyl er i bruk enno. Det vert bruka om ein stad der dei har kröter og helst ein slåtteteig med det same. Dei andre orda er ukjende her.
20. På sætrane har eg ikkje höyrt namnet træe; men i heimemarkene finst det på fleire stader. På grannegarden her er ein åker som heiter Træe. Det fyrste eg minnest, stod det eit stort sumarsfjös der. På same garden er ei lita slette litt lenger oppi skogen. Den vesle sletta vert også kalla Træe. Det vart helst bruka om ein stad der dei samla kröttera, dette namnet. Med stöls-slåtten er det omlag heilt slutt. Det löner seg ikkje lenger.

2700

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2700

21. Fiskeavfall, tang o.s.b. er ukjent her. Men det vart brūka dyngje. Det var bys, oske, skrap og avfall frå hūset kasta i ein haūg. Det var noko liknande dei kallar kompost no. Dynga brūka dei ikkje på enga, men på åkeren. Det vaks godt etter dyngegjödsla både korn og potetor. Men til eng var ho for ūrein. Der brūka dei berre dyregjödsel.

NB.

Mrkn. til spūrsmål 14.
Grindane vart samanbūndne oppe med ringar av vidjor eller ihop-böygde svolkar. Desse ringane vart kalla haftar, eller grindhaftar (fl.t.) Ein grindhaft vert smängd over tvo grindstokpar, og såleis vert grinda halde saman oppe. No gjer dei ringane av ståltråd. Dei er sterkare og står stödare.